Rapportar 2008/43

*Jørn Ivar Hamre*

# Yrkeshemma inn på arbeidsmarknaden?

**Statistisk sentralbyrå • Statistics Norway**
Oslo–Kongsvinger

*Rapportar* I denne serien blir statistiske analysar, metode- og modellbeskrivingar frå dei enkelte forskings- og statistikkområda publiserte. Også resultat av ulike enkeltunder¬søkingar blir publisert her, oftast med utfyllande kommentarar og analysar.

*Reports* This series contains statistical analyses and method and model descriptions from the different research and statistics areas. Results of various single surveys are also published here, usually with supplementary comments and analyses.

© Statistisk sentralbyrå, oktober 2008
Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen, skal Statistisk sentralbyrå givast opp som kjelde.

ISBN 978-82-537-7455-8 Trykt versjon
ISBN 978-82-537-7456-5 Elektronisk versjon
ISSN 0806-2056

**Emne**
06.01

Trykk: Statistisk sentralbyrå

| **Standardtegn i tabeller** | **Symbol** |
|---|---|
| Tall kan ikke forekomme | . |
| Oppgave mangler | .. |
| Oppgave mangler foreløpig | ... |
| Tall kan ikke offentliggjøres | : |
| Null | - |
| Mindre enn 0,5 av den brukte enheten | 0 |
| Mindre enn 0,05 av den brukte enheten | 0,0 |
| Foreløpige tall | * |
| Brudd i den loddrette serien | — |
| Brudd i den vannrette serien | \| |
| Desimalskilletegn | , |

# Samandrag

I denne rapporten vert det gjort ein beskrivande analyse av tilpassinga på arbeidsmarknaden for personar som har vore registrerte som yrkeshemma i NAV sitt register over arbeidssøkjarar. Opplysningar om status på arbeidsmarknaden og demografiske kjenneteikn blir nytta som grunnlag for analysen.

Populasjonen består av personar som gjekk ut av statusen som yrkeshemma i løpet av første halvdel av 2006, og evalueringstidspunktet er sett til slutten av november same året. Personane blir grupperte etter om dei har delteke i eit tiltak eller ikkje, i tillegg til at dei vidare blir delt inn etter type tiltak. Yrkeshemma som ikkje gjekk på tiltak, blir kategorisert etter om individa søker attføring, er i kartleggingsfase eller ventar på tiltak.

Datamaterialet er basert på kopla data frå ulike administrative register. Analyse-populasjonen er henta frå NAV sitt arbeidssøkjarregister, kalla ARENA, og består av til saman 25 316 personar første halvår 2006.

I forhold til eit tilsvarande utval i 2005, var samla sett 4 prosentpoeng fleire av dei som gjekk ut av status som yrkeshemma første halvår 2006 sysselsette og 2 prosentpoeng færre registrete heilt arbeidslause.

Den største prosentdelen personar som gjekk ut i arbeid i november 2006 finn me blant yrkeshemma som deltok på ordinære arbeidsmarknadstiltak, 59 prosent i denne gruppa var sysselsette i november. Sysselsettingsprosenten var 41 for dei som gjekk ut av spesielle tiltak for yrkeshemma første halvår. Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar har ein lågare del i jobb enn resten av utvalet. Sysselsetjinga for denne gruppa var på 37 prosent. Lønstilskot og varig tilrettelagt arbeid utmerkar seg i kvar sin ende, med respektive 81 og 16 prosent sysselsette.

Yrkeshemma som var arbeidstakarar i november 2006 hadde i gjennomsnitt ei søkeperiode på 11,9 veker dette året frå dei gjekk ut av status som yrkeshemma til dei var registrerte i jobb. Yrkeshemma på tiltak hadde tilsvarande i gjennomsnitt ein søkeperiode på 10,3 veker, medan yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar hadde ein søkeperiode på 14,4 veker.

**Prosjektstøtte:** Arbeidet er utført som eit oppdrag for Arbeids- og inkluderingsdepartementet

# Abstract

This report presents a descriptive analysis of the labour market outcomes for persons who went out of status as occupationally handicapped in the Norwegian Labour and Welfare Organisation's register of Job Seekers.

The population in this analysis consist of persons that went out of status as occupationally handicapped during the first half of 2006 in the Registers of Job Seekers to the Norwegian Labour and Welfare Organisation (NAV). Labour market outcomes are measured towards the end of November the same year. The occupationally handicapped are divided into measure participants and none participants. The participants are further grouped by types of measure. None participants are divided into 1) appliers of vocational occupational rehabilitation, 2) in a stage of mapping and 3) in a waiting stage.

The data material are based on linking's of many administrative registers. The population are defined from NAV's Registers of Job Seekers , called ARENA, and consist of altogether 25 316 persons in the 1st half of 2006.

Compared to a similar sample the previous year, 4 percentage points more were employed in November of those who left the status as occupationally handicapped during the first half of 2006, and 2 percentages points fewer were unemployed.

Occupationally handicapped on ordinary labour market measures have the largest share of employment in November 2006, with 59 per cent. The employment percentage were 41 for persons who went out of status as occupationally handicapped after special labour market measures for occupationally handicapped. Occupationally handicapped in action plan- and waiting stages (none participates) have a lower employment share than other groups (37 per cent). Wage subsidies and permanent sheltered work are measures in each end of the scale, with employment shares of 81 and 16 per cent respectively.

Occupationally handicapped that were employees in November 2006 had on average applied for 11.9 weeks from when they went out of status as occupationally handicapped to they were registered with a start date in NAV's register of employees. Occupationally handicapped that had participated in a measure on average applied for 10.3 weeks, while occupationally handicapped in action plan- and waiting stages handicapped on average applied for 14.4 weeks.


**Acknowledgement**: The work is funded by the Ministry of Labour and Social Inclusion.

# Innhald

**Samandrag** ... **3**

**Abstract** ... **4**

**1. Innleiing** ... **6**

**2. Oversikt over gruppering av dei yrkeshemma** ... **8**
2.1. Arbeidsmarknadstiltak for ordinær arbeidskraft, der yrkeshemma inngår i målgruppa ... 8
2.2. Spesielle arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma ... 9
2.3. Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar (ikkje på tiltak) ... 10

**3. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av første halvår 2006** ... **11**
3.1. Beskrivande analyse ... 11
3.2. Inndeling etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus i november ... 11
3.3. Samanlikning med statistikk frå sluttmeldekorta ... 14

**4. Søkjetida til dei som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006 og var tilsette i november** ... **15**

**Referansar** ... **17**

**Vedlegg**
A. Demografiske kjenneteikn og tiltaksfordeling ... 18
B. Meir om søkjetida til dei som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006 og var tilsette i november ... 21
C. Oversikt over arbeidsmarknadsstatusar i SFP ... 23

**Tabellregister** ... **26**

# 1. Innleiing

Denne rapporten er ei vidareføring av arbeidet med å utvikle eit tabellgrunnlag for analysar av personar som er registrerte som yrkeshemma i Arbeids- og velferdsetaten (NAV) sitt arbeidssøkjarregister, ARENA. Arbeidet er utført som ein del av ei årleg resultatvurdering av arbeidsmarknadstiltak basert på registerdata, finansiert av Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID). Grunna avgrensa ressursar inneheld denne rapporten berre dei mest sentrale tabellane.

I samsvar med førre rapport om yrkeshemma i 2005, Pedersen (2007), er det blitt gjort ei detaljert inndeling av status på arbeidsmarknaden pr. november for personar som avslutta ein tilstand som yrkeshemma i løpet av første halvdel av året, men denne gongen for 2006-utvalet. Ved hjelp av informasjon frå System for persondata (SFP), er det kopla på opplysningar frå ei rekke administrative register. Hovudresultata finn ein i kapittel 3.2. Tabellane der inneheld SFP-status pr. november 2006, og detaljert tiltakstype i første halvdel same året, for utvalet av yrkeshemma. Tiltakstypen er den siste vedkomande deltok på før statusen som yrkeshemma vart avslutta. Gruppering etter type tiltak følgjer om lag same inndeling som NAV nyttar i sin statistikk. Forskjellen er at me her har skilt ut skule (ordinær utdanning) frå arbeidsmarknadsopplæring. I tillegg har me definert samlegruppa *Spesielle arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma,* med tiltaka der ordinær arbeidssøkjarar ikkje er ein del av målgruppa.

Følgjande personar inngår i tabellane:
*Personar som går ut av statusen "yrkeshemma" i løpet av første halvdel av 2006.* Personane i utvalet kan vere registrerte som yrkeshemma heilt fram til juni, men ikkje i juli.
Ein person i vårt utval vert ikkje tillaten å gå ut av statusen "yrkeshemma" for deretter å kome attende igjen i perioden januar - juni. Denne avgrensinga er parallell til den som er brukt i tidlegare analysar: Pedersen (2001, 2002, 2007) og Bråthen og Pedersen (2001).

Vår seleksjon av personar ut av status som yrkeshemma i første halvår er forskjellig frå avgangsdefinisjon for yrkeshemma som NAV har nytta sia november 2001. I deira statistikk omfattar *avgang frå status som yrkeshemma* dei yrkeshemma ein periode som ikkje registrerer seg igjen dei neste 13 vekene**.**

Slik sett er avgrensinga her mindre streng angåande fråvær av registrering som yrkeshemma i ARENA. Nokre få personar i utvalet har berre fråver av koding som yrkeshemma i juli i ARENA, slik at det kan diskuterast kor reell avgangen er[1].

Tabellane i kapittel 3.1 gir ei oversikt over utvalet definert ovanfor, fordelt på demografiske kjenneteikn. I vedlegg A vert personane i tillegg fordelte etter tiltakstype.

Det er store variasjonar mellom dei ulike tiltaka når det gjeld tilpassinga på arbeidsmarknaden, målt i november 2006. Skilnadane seier likevel ikkje utan vidare noko om kva slag tiltak som er mest effektive med tanke på å få yrkeshemma ut i til dømes ordinært arbeid. Dei viktigaste årsakene til dette er:

- Eigenskapane ved personane på dei ulike tiltaka. Det at tiltaka for yrkeshemma er retta mot personar med ulike føresetnader for å få arbeid, tilseier òg at sjansen for å få jobb er forskjellig.
- Organisering av tiltaka. Eit døme på dette er lønstilskot. Som regel skal tilsettingsforholdet for personar på dette tiltaket ha lengre varigheit enn tiltaksperioden. Tilsettingsperioden kan dermed overlappe evalueringstidspunktet.

[1] Ei test for 2006 visar at respektive 457 og 263 personar var registrerte i ARENA utan koding som yrkeshemma i juli, men koda som yrkeshemma 1 og 2 månader både før og etter juli.

I kapitel 4 og vedlegg B har me tatt med nokre nye tabellar over dei som var tilsette i november 2006, som visar tal på veker frå ut av status som yrkeshemma (i første halvår) til tilsetting i gjennomsnitt. Tala er fordelt etter type tiltak kryssa med anten kjønn, alder, utdanning eller ein indikator for innvandrarar frå Aust-Europa, Asia, Tyrkia, Afrika eller Sør- og Mellom-Amerika.

Bakgrunnen for utvidingane er eit høyringsnotat, AID (2007), med forslag om å erstatte rehabiliteringspengar, attføringspengar og tidsavgrensa uførestønad med ein ny midlertidig folketrygdyting (arbeidsavklaringspengar). I forslaget står bl.a. at frå 1. januar 2008 vil personane berre kunne få arbeidsavklaringspengar i 3 månader etter ferdig attføring, mot tidligare 6 månader med attføringspengar etter ferdig attføring.

I følgje AID (2007) er formålet med avgrensa varigheit ikkje primært å stoppe ytinga etter ein viss tid. Det skal dels bidra til at dei samla ressursane blir brukt best mogleg i forhold til formålet med ytinga og dels bidra til å understreke forpliktinga til oppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten og aktivitet frå mottakaren si side. Ein annan ønska effekt av avgrensa varigheit er auka overgang til arbeid. Målet er at perioden med arbeidsavklaringspengar ikkje skal vere lenger enn det som er nødvendig for å få sett mottakaren i stand til å arbeide, eller å få avklart at personen oppfyller vilkåra for å få uførepensjon.

Om det skjer endringar i regelverket for kor lenge personane kan få attførings-pengar/ arbeidsavklaringspengar etter ferdig attføring, og dette igjen påverkar overgangen til arbeid, vil det trulig og påverke kor raskt dei yrkeshemma kjem i arbeid. På andre sida vil ikkje slike enkle tabelloppstillingar i kapitel 4 og vedlegg B kunne gi anna enn ein mogleg indikasjon på ev. effekt på overgang til arbeid, då massen verken blir kontrollert for observerte eller uobserverte kjenneteikn ved individa av betyding, månadsfordelinga av utstrømming frå status som yrkeshemma de enkelte år (start på mogleg søkeperiode) eller endra konjunkturar.

# 2. Oversikt over gruppering av dei yrkeshemma

I dette kapittelet blir dei ulike typane av arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma gjennomgått, jamfør grupperinga NAV nyttar i presentasjon av tal for yrkeshemma. Informasjonen er henta frå forskrift om arbeidsmarknadstiltak (http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20011220-1544.html).

## 2.1. Arbeidsmarknadstiltak for ordinær arbeidskraft, der yrkeshemma inngår i målgruppa

### 2.1.1. Lønstilskot, tidsavgrensa

*Målgruppe og varigheit:* Arbeidssøkjarar som har særlege problem med å kome inn på arbeidsmarknaden, kan delta i lønstilskotstiltak av kortare varigheit. Yrkeshemma med variabel og redusert yteevne kan delta i lønstilskotstiltaket av lengre varigheit, inntil tre år.

Lønstilskot skal bidra til å motivere arbeidsgjevarar til å ta inn arbeidslause og yrkeshemma til ordinært arbeid på vanlige løns- og arbeidsvilkår. Lønstilskot kan ytast til etablerte bedrifter med ordinær produksjons- og sysselsettingsverksemd. Lønstilskot gis i form av ein prosentvis refusjon av løna i ein avgrensa del av tilsettingstida.

### 2.1.2. Arbeidspraksis (praksisplassar)

*Målgruppe:* Yrkeshemma og ordinære arbeidssøkjarar med behov for tilrettelagt arbeidstrening og oppfølging (arbeidspraksis i ordinær verksemd), samt yrkeshemma med særleg usikre yrkesrelaterte føresetnader og med behov for tett og brei oppfølging (arbeidspraksis i skjerma verksemd).

*Varigheit* Inntil 3 år for yrkeshemma på arbeidspraksis i ordinær verksemd. Inntil 10 månader, med mogelegheit for 10 månaders forlenging, for yrkeshemma på arbeidspraksis i skjerma verksemd.

Tiltaket skal gje tilrettelagt arbeidstrening med oppfølging, og bidra til å prøva ut og styrka deltakarane sine mogelegheiter til å koma i arbeid eller utdanning.

### 2.1.3. Opplæring (arbeidsmarknadsopplæring (AMO))

*Målgruppe:* Yrkeshemma og ordinære arbeidssøkjarar med behov for kvalifisering, samt arbeidstakarar i ein usikker sysselsettingssituasjon som har behov for kvalifisering. Deltakarar i opplæringstiltak må vere over 19 år (med unntak av yrkeshemma med rett til yrkesretta attføring).

*Varigheit:* Inntil 10 månader. Yrkeshemma som tek ordinær utdanning som ledd i yrkesretta attføring, kan ta utdanning så lenge det blir betrakta som nødvendig og hensiktsmessig ut i frå formålet.

Opplæring skal bidra til at yrkeshemma og ordinære arbeidssøkjarar blir kvalifiserte til ledige jobbar, og hindra utstøyting av arbeidstakarar som står i fare for å falle ut av arbeidslivet. Opplæring for yrkeshemma blir gitt anten som arbeidsmarknadskurs (organisert i samarbeid med NAV), eller ordinær utdanning som ledd i yrkesretta attføring.

I denne analysen skiljar vi ut skule (ordinær utdanning) frå annan type opplæring. Årsaka er at ordinær utdanning skilje seg frå anna type arbeidsmarknadsopplæring, og fordi dei yrkeshemma utgjer ei stor gruppe.

### 2.1.4. Midlertidig sysselsettingstiltak

*Målgruppe:* Langtidsledige og yrkeshemma som har behov for arbeidserfaring og opplæring, kan delta i sysselsettingstiltak for langtidsledige.

*Varigheit:* Skal tilpassast dei individuelle behova i kvart enkelt tilfelle ut frå moglegheitene på arbeidsmarknaden. Sysselsettingstiltak for yrkeshemma kan vara i inntil to år.

Midlertidige sysselsettingstiltak skal gi arbeidserfaring til personar som står i fare for å bli varig utestengt frå arbeidslivet eller som har problem med å etablere seg på arbeidsmarknaden. Andre arbeidsmarknadstiltak må være vurdert før ein person kan tas inn på sysselsettingstiltak. Tiltaket kan gis som sysselsettingstiltak for langtidsledige, sysselsettingstiltak for yrkeshemma eller vikarplass. Sysselsettingstiltak for yrkeshemma skal gi arbeidserfaring.

### 2.1.5. Forsøks- og andre tiltak

Frå og med februar 2006 har NAV endra på noen av statusgrupperingane for yrkeshemma. Gruppene *Forsøkstiltak* og *Andre tiltak* er slått saman til gruppa *Forsøks- og andre tiltak.*

## 2.2. Spesielle arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma

I denne gruppa har vi tatt med dei tiltaka der ordinære arbeidssøkjarar ikkje er ein del av målgruppa.

### 2.2.1. Arbeid med bistand

*Målgruppe:* Yrkeshemma som har behov for tilrettelegging og oppfølging for å få eller behalde arbeid.

*Varigheit:* Maksimal varigheit er 3 år. Ved overgang frå skule eller soning i institusjon kan tiltaket forlengast med inntil 6 månader.

Arbeid med bistand skal gi hensiktsmessig og nødvendig bistand med sikte på integrering av yrkeshemma i ordinært arbeidsliv. Tiltaket kan gis i form av kartlegging, bistand til å finne eigna arbeidsplass, tilrettelegging og oppfølging på arbeidsplassen, opplæring i arbeidsrelaterte og sosiale ferdigheiter samt råd og rettleiing til arbeidsgivar/tiltaksarrangør. Arbeid med bistand kan kombinerast med andre arbeidsretta tiltak når dette er hensiktsmessig. Arbeid med bistand kan også brukast i samband med overgang frå skule eller soning i institusjon til arbeid eller tiltak.

### 2.2.2. Avklaringstiltak

*Målgruppe:* Yrkeshemma dersom behovet for arbeidsmarknadstiltak er uklart.

*Varigheit:* maksimalt i 12 veker.

Avklaring inneber motivasjon, rettleiing, systematisk kartlegging og utprøving av arbeidsevna for å få klarlagt eventuelle behov for kvalifisering eller andre tiltak som kan bidra til at tiltaksdeltakarar får arbeid.

### 2.2.3. Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift

*Målgruppe:* Yrkeshemma arbeidssøkjarar.

*Varigheit:* Inntil 2 år med mogelegheit for forlenging dersom det er nødvendig for å få fagbrev.

I arbeidsmarknadsbedriftene skal yrkeshemma gis høgare reell og formell kompetanse gjennom tilrettelagt opplæring og arbeidstrening.

Tiltaket blir gjennomført i reelle bedriftsmiljø. Målet for tiltaket er formidling til ordinært arbeid eller eigenfinansiert utdanning.

Før februar 2006 kalla NAV *kvalifisering tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift* for *AMB, avklarings- og attføringstiltak.*

### 2.2.4. Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift

*Målgruppe:* Yrkeshemma arbeidssøkjarar.

*Varigheit:* Ingen tidsavgrensing. Formidling til arbeid i ordinært arbeidsliv skal likevel vurderast med jamne mellomrom.

Tiltaket skal gi moglegheit for varig tilrettelagt arbeid for deltakarar som har liten moglegheit for å få arbeid i det ordinære arbeidslivet.

Før februar 2006 kalla NAV *tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift* for *AMB, varig tilrettelagt arbeid.*

### 2.2.5. Varig tilrettelagt arbeid

*Målgruppe:* Personar som har eller *i nær framtid* vil få *varig* uførepensjon, og som har behov for særskilt tilrettelegging og tett oppfølging. Andre arbeidsmarknadstiltak skal først ha vore vurdert som uaktuelle.

*Varigheit:* Uavgrensa. Det skal likevel vurderast med jamne mellomrom om det kan vere aktuelt med overføring til andre arbeidsmarknadstiltak, utdanning eller formidling til ordinært arbeid.

Varig tilrettelagt arbeid skal tilby personar arbeid i ei skjerma verksemd, med arbeidsoppgåver tilpassa arbeidsevna til den enkelte. Varig tilrettelagt arbeid kan også bli tilbode som enkeltplassar i ordinær verksemd. Arbeidet skal bidra til å utvikle ressursar hos deltakarane gjennom kvalifisering og tilrettelagte arbeidsoppgåver.

## 2.3. Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar (ikkje på tiltak)

NAV deler dei yrkeshemma som ikkje er på tiltak inn i følgjande undergrupper: 1) søkjer attføring, 2) i kartleggingsfase og 3) i ventefase for tiltak. Frå og med juli 2004 overtok tidlegare Aetat ansvaret for personar som søkjer attføring. Kategorien *søkjer attføring* vart difor ny i statistikken basert på ARENA-registeret, og medføte ein auke i talet på yrkeshemma som ikkje var på tiltak frå registeret.

# 3. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av første halvår 2006

## 3.1. Beskrivande analyse

Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma første halvår i 2006 blir i dette avsnittet fordelte på demografiske kjenneteikn som kjønn, innvandrarstatus, alder, utdanning, og om dei er registrerte som deltakar på eit tiltak eller ei. Vedlegg A inneheld meir utfyllande beskrivande tabellar som også syner kva slag tiltak personane i utvalet deltok i før dei gjekk ut av status som yrkeshemma.

I alt 25 316 personar gjekk ut av status som yrkeshemma første halvår 2006. Av disse hadde 10 082 vore på arbeidsmarknadstiltak, medan 15 234 ikkje hadde vore på tiltak. Dei yrkeshemma som ikkje hadde vore på tiltak[2] var i handlingsplan- og ventefasar.

Yrkeshemma personar på tiltak verkar å vere yngre enn dei som ikkje deltek på tiltak (tabell 3.1). Delen personar som er 50 år eller eldre, er på respektive 15 og 26 prosent for dei to gruppene. Prosentdelen av dei yrkeshemma med høgare utdanning (avsluttande vidaregåande skule eller meir) er høgare for dei som deltek på tiltak enn for yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar.

**Tabell 3.1. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første seks månadane i 2006, etter demografiske kjenneteikn. Absolutte tal og prosent**

| Demografiske kjenneteikn | Yrkeshemma i alt | | Yrkeshemma på tiltak | | Yrkeshemma ikkje på tiltak | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Tal | Prosent | Tal | Prosent | Tal | Prosent |
| **Yrkeshemma i alt** | 25 316 | 100 | 10 082 | 100 | 15 234 | 100 |
| **Kjønn** | | | | | | |
| Menn | 12 988 | 51 | 4 975 | 49 | 8 013 | 53 |
| Kvinner | 12 328 | 49 | 5 107 | 51 | 7 221 | 47 |
| **Innvandrarar frå Aust-Europa, Asia, Tyrkia, Afrika eller Sør- og Mellom-Amerika** | 2 393 | 9 | 658 | 7 | 1 735 | 11 |
| **Alder** | | | | | | |
| < 20 år | 471 | 2 | 158 | 2 | 313 | 2 |
| 20-24 år | 2 143 | 8 | 778 | 8 | 1 365 | 9 |
| 25-29 år | 2 782 | 11 | 1 219 | 12 | 1 563 | 10 |
| 30-49 år | 14 282 | 56 | 6 335 | 63 | 7 947 | 52 |
| 50-59 år | 4 594 | 18 | 1 350 | 13 | 3 244 | 21 |
| 60 år + | 1 044 | 4 | 242 | 2 | 802 | 5 |
| **Utdanning** | | | | | | |
| Uoppgitt/Ingen | 908 | 4 | 240 | 2 | 668 | 4 |
| Grunnskule | 10 956 | 43 | 3 697 | 37 | 7 259 | 48 |
| Viareg. grunnutd. | 3 136 | 12 | 1 029 | 10 | 2 107 | 14 |
| Viareg. avsluttande | 6 001 | 24 | 2 631 | 26 | 3 370 | 22 |
| Påbygging til viareg. | 773 | 3 | 392 | 4 | 381 | 3 |
| Univ./Høgskule | 3 542 | 14 | 2 093 | 21 | 1 449 | 10 |

## 3.2. Inndeling etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus i november

Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av første halvår 2006, blir i dette kapittelet fordelte på 11 ulike arbeidsmarknadsstatusar i november same året, i tillegg til kva slag tiltak dei har delteke i. SSB sitt "System for persondata" (SFP) blir nytta når ein grupperer mellom dei 11 statusane. SFP er eit datasett som blir danna på grunnlag av ei rekkje bakgrunnsregister henta frå ulike kjelder. For

[2] Det vil si, dei var ikkje på tiltak i siste månaden dei var registrert som yrkeshemma i ARENA-registeret første halvår.

personar som finst i fleire register samstundes, vil eit sett med reglar i SFP avgjere kva slag opplysning som blir vurdert som viktigast når ein skal kategorisera. Kvar enkelt person kan berre ha ein hovudstatus i SFP på ei og same tid. Ei nærare forklaring på dei 11 mogelege tilstandane blir gitt i vedlegg C.

Av dei 25 316 personane som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av første halvår 2006 var 11 311 sysselsette (lønstakar eller sjølvstendig næringsdrivande) i november. Det svarar til ein prosentdel sysselsette på 44, som er ein auke på 4 prosentpoeng samanlikna med ein tilsvarande populasjon året før.

Prosentdelen heilt arbeidsledige registrert ved NAV av dei som gjekk ut av status som yrkeshemma første halvår 2006 var 7, ned 2 prosentpoeng frå året før.

**Tabell 3.2a Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månader i 2006, etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus[1)] i november same året. Absolutte tal**

| | | Status i november | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Type tiltak i første halvår | I alt | Lønstakar | Sjølvstendig | Arb.-mark.-tiltak | Attføringstiltak | Heilt ledig | Sjukemeldt | Utdanning | Ufør | Annan attføring | Alderspensjon | Anna | Uoppgitt |
| **Alle yrkeshemma** | **25 316** | **10 463** | **848** | **476** | **1 231** | **1 877** | **1 545** | **562** | **2 101** | **3 053** | **25** | **2 833** | **302** |
| **Yrkeshemma på tiltak** | **10 082** | **5 476** | **215** | **280** | **416** | **831** | **308** | **262** | **493** | **811** | **11** | **848** | **131** |
| **Ordinære tiltak** | **8 760** | **4 951** | **207** | **256** | **347** | **756** | **228** | **259** | **260** | **681** | **2** | **724** | **89** |
| Lønstilskot | 936 | 721 | 35 | 25 | 21 | 36 | 12 | 3 | 6 | 12 | - | 63 | 2 |
| Arbeidspraksis | 2 047 | 990 | 39 | 54 | 87 | 119 | 99 | 80 | 97 | 229 | - | 232 | 21 |
| Opplæring, unntatt skule | 561 | 249 | 14 | 29 | 29 | 50 | 15 | 21 | 15 | 48 | - | 80 | 11 |
| Skule | 4 451 | 2 677 | 108 | 136 | 169 | 501 | 60 | 137 | 79 | 272 | 2 | 268 | 42 |
| Midlertidig sysselsettingstiltak | 52 | 28 | - | - | 6 | 4 | - | 1 | 4 | - | - | 6 | 3 |
| Forsøks- og andre tiltak | 713 | 286 | 11 | 12 | 35 | 46 | 42 | 17 | 59 | 120 | - | 75 | 10 |
| **Spesielle tiltak for yrkeshemma** | **1 322** | **525** | **8** | **24** | **69** | **75** | **80** | **3** | **233** | **130** | **9** | **124** | **42** |
| Arbeid med bistand | 526 | 230 | 3 | 10 | 23 | 28 | 40 | 2 | 65 | 66 | - | 53 | 6 |
| Avklaringstiltak | 203 | 56 | 4 | 2 | 8 | 16 | 19 | 1 | 18 | 42 | - | 33 | 4 |
| Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift | 301 | 186 | - | 11 | 13 | 30 | 8 | - | 5 | 16 | - | 31 | 1 |
| Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift | 49 | 15 | - | 1 | 8 | 1 | - | - | 9 | 2 | 4 | 5 | 4 |
| Varig tilrettelagt arbeid | 243 | 38 | 1 | - | 17 | - | 13 | - | 136 | 4 | 5 | 2 | 27 |
| **Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar** | **15 234** | **4 987** | **633** | **196** | **815** | **1 046** | **1 237** | **300** | **1 608** | **2 242** | **14** | **1 985** | **171** |
| Søker attføring | 1 740 | 643 | 82 | 43 | 211 | 167 | 54 | 49 | 61 | 231 | 1 | 190 | 8 |
| I kartleggingsfase | 7 429 | 2 040 | 331 | 69 | 267 | 404 | 777 | 129 | 982 | 1 310 | 8 | 1 021 | 91 |
| I ventefase for tiltak | 6 065 | 2 304 | 220 | 84 | 337 | 475 | 406 | 122 | 565 | 701 | 5 | 774 | 72 |

[1] Personar som er aktive i fleire statusar samstundes, er her plasserte i ein status (sjå vedlegg C for detaljar) ut i frå ei bestemt prioritering.

### *Yrkeshemma på tiltak*

Tabell 3.2b syner at sysselsettingsdelen i november for dei ut av status som yrkeshemma som har delteke på tiltak var 56 prosent i 2006.

Sysselsettingsprosenten for dei som gjekk ut av status som yrkeshemma i november varierar mykje tiltaka imellom. Sysselsettingsprosenten i november for dei yrkeshemma som deltok på ordinære arbeidsmarknadstiltak var 59 prosent, medan den for dei på spesielle tiltak for yrkeshemma var 41 prosent.

**Tabell 3.2b. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månader i 2006, etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus[1] i november same året. Prosent**

| | | Status i november | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Type tiltak i første halvår | I alt | Lønstakar | Sjølvstendig | Arb.-mark.-tiltak | Att-førings-tiltak | Heilt ledig | Sjuke-meldt | Utdanning | Ufør | Annan att-føring | Alders-pen-sjon | Anna | Uopp-gitt |
| **Alle yrkeshemma** | 100 | 41 | 3 | 2 | 5 | 7 | 6 | 2 | 8 | 12 | 0 | 11 | 1 |
| **Yrkeshemma på tiltak** | 100 | 54 | 2 | 3 | 4 | 8 | 3 | 3 | 5 | 8 | 0 | 8 | 1 |
| **Ordinære tiltak** | 100 | 57 | 2 | 3 | 4 | 9 | 3 | 3 | 3 | 8 | 0 | 8 | 1 |
| Lønstilskot | 100 | 77 | 4 | 3 | 2 | 4 | 1 | 0 | 1 | 1 | - | 7 | 0 |
| Arbeidspraksis | 100 | 48 | 2 | 3 | 4 | 6 | 5 | 4 | 5 | 11 | - | 11 | 1 |
| Opplæring, unntatt skule | 100 | 44 | 2 | 5 | 5 | 9 | 3 | 4 | 3 | 9 | - | 14 | 2 |
| Skule | 100 | 60 | 2 | 3 | 4 | 11 | 1 | 3 | 2 | 6 | 0 | 6 | 1 |
| Midlertidig sysselsettingstiltak | 100 | 54 | - | - | 12 | 8 | - | 2 | 8 | - | - | 12 | 6 |
| Forsøks- og andre tiltak | 100 | 40 | 2 | 2 | 5 | 6 | 6 | 2 | 8 | 17 | - | 11 | 1 |
| **Spesielle tiltak for yrkeshemma** | 100 | 40 | 1 | 2 | 5 | 6 | 6 | 0 | 18 | 10 | 1 | 9 | 3 |
| Arbeid med bistand | 100 | 44 | 1 | 2 | 4 | 5 | 8 | 0 | 12 | 13 | - | 10 | 1 |
| Avklaringstiltak | 100 | 28 | 2 | 1 | 4 | 8 | 9 | 0 | 9 | 21 | - | 16 | 2 |
| Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift | 100 | 62 | - | 4 | 4 | 10 | 3 | - | 2 | 5 | - | 10 | 0 |
| Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift | 100 | 31 | - | 2 | 16 | 2 | - | - | 18 | 4 | 8 | 10 | 8 |
| Varig tilrettelagt arbeid | 100 | 16 | 0 | - | 7 | - | 5 | - | 56 | 2 | 2 | 1 | 11 |
| **Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar** | 100 | 33 | 4 | 1 | 5 | 7 | 8 | 2 | 11 | 15 | 0 | 13 | 1 |
| Søker attføring | 100 | 37 | 5 | 2 | 12 | 10 | 3 | 3 | 4 | 13 | 0 | 11 | 0 |
| I kartleggingsfase | 100 | 27 | 4 | 1 | 4 | 5 | 10 | 2 | 13 | 18 | 0 | 14 | 1 |
| I ventefase for tiltak | 100 | 38 | 4 | 1 | 6 | 8 | 7 | 2 | 9 | 12 | 0 | 13 | 1 |

[1] Personar som er aktive i fleire statusar samstundes, er her plasserte i ein status (sjå vedlegg C for detaljar) ut i frå ei bestemt prioritering.

Om me berre ser på dei som kjem i jobb, finn me *lønstilskot* i den eine enden, og *varig tilrettelagt arbeid* i den andre, med respektive 81 og 16 prosent sysselsetjing. Resultata blir naturleg nok påverka av dei definerte målgruppene. Den høge delen sysselsette i november for deltakarar på *lønstilskot* kan forklarast med at desse blir tilsette på vanlege løns- og arbeidsvilkår (har allereie ein fot innanfor den ordinære arbeidsmarknaden), og at dei i mindre grad enn andre treng tilrettelegging og oppfølging. Vidare står det i forskrifta at lønstilskot blir gitt i ein avgrensa del av tilsettingstida. Tiltaka som er retta mot særleg utsette grupper, er dei som har den lågaste delen personar i arbeid på evalueringstidspunktet. *Varig tilrettelagt arbeid, arbeid med bistand og tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift* tilhøyrer denne kategorien. Den høge delen *uføre* i november for desse tiltaka skuldast naturleg nok at deltakarane har sterkare grad av yrkeshemming samanlikna med dei på andre tiltak. Målgruppa for *varig tilrettelagt arbeid* er personar som anten er eller kjem til å bli uføre innan kort tid, og då er ikkje delen på 56 prosent uføre i november særleg overraskande.

Vi har skilt ut tiltaket skule (ordinær utdanning) frå dei andre opplæringstiltaket fordi vi meinar at ordinær utdanning er såpass forskjellig frå dei andre opplæringstiltaka, og fordi svært mange nyttar dette tiltaket, heile 4 451 yrkeshemma. Prosentdelen sysselsette i november for dei yrkeshemma som gjekk ut av skule var 62 prosent. Likevel er dei yrkeshemma som gjekk ut av skule òg overrepresentert i statusen heilt ledig i november i ARENA.

***Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar***

Yrkeshemma som ikkje deltok på tiltak har ein lågare prosentdel i arbeid enn resten av utvalet, noko som òg har vore i tilfelle tidlegare analyser (Pedersen (2007)). Prosentdelen sysselsette var 37 i november for dei som sist var i handlingsplan- og ventefasar før dei gjekk ut av status som yrkeshemma i 1. halvår 2006. I forhold til yrkeshemma på tiltak første halvår 2006, var dei yrkeshemma som var i handlingsplan- og ventefasar overrepresentert i statusane *sjølvstendig næringsdrivande*, *ufør*, *annan attføring* og i statusen *anna* i november. Undergruppa *søkjer attføring* første halvår 2006 er særleg overrepresentert i statusane *attføring* og *sjølvstendig næringsdrivande*, med respektive 12 og 5 prosent. Undergruppa med yrkeshemma *i kartleggingsfase* er særleg overrepresentert i statusane *annan attføring* og *sjukemeldt*, jamfør tabell 3.2b.

## 3.3. Samanlikning med statistikk frå sluttmeldekorta

NAV sendar ut sluttmeldekort til tidlegare arbeidssøkjarar om lag 2 månader etter dei sist stod innmeldt i ARENA. Sluttmeldekort er eit enkelt spørjeskjema der dei skal kryssa av for den hovudaktivitet dei hadde i forhold til arbeidsmarknaden siste veka. Statistikken frå slutmeldekorta er difor baserte på tidlegare arbeidssøkjarar sine eigne svar, og svarprosenten er om lag 65 prosent. Yrkeshemma som går ut av registra fordi dei sluttar i varig tilrettelagd arbeid, er ikkje omfatta av ordninga med meldekort. Statistikken frå sluttmeldekorta er ikkje heilt samanliknbar med statistikken i denne rapporten, sidan referansepunkta er ulike, svara er sjølvmeldingar og dei som får varig tilrettelagd arbeid ikkje kjem med.

November 2006 vart 49 prosent i arbeid av dei tidlegare yrkeshemma i fylje statistikken frå sluttmeldekorta. Som gjennomsnitt for heile 2006 vart 45 prosent av dei yrkeshemma i arbeid[3].

Om ein held utanfor dei som hadde vore på varig tilrettelagd arbeid, i tabell 3.2a, ville prosentdelen i sysselsette ha vore 45 basert på talgrunnlaget i denne analysen. Dette er i tråd med gjennomsnittstala for heile 2006, men noko lågare prosentdel i arbeid for november enn basert på slutmeldekorta.

[3] Jamfør tabell 8.3 i NAV sin månadsstatistikk.

# 4. Søkjetida til dei som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006 og var tilsette i november

Tabell 4.1 visar at yrkeshemma som var arbeidstakarar i november i gjennomsnitt hadde ein søkjeperiode på 11,9 veker i 2006. Det vil seie at det gjekk opp i mot eit kvartal frå dei gjekk ut av status som yrkeshemma, til dei var registrert i jobb i Arbeidstakarregisteret. Perioden er rekna frå den 1. i den første månaden dei ikkje lenger var registrert som yrkeshemma i ARENA. Perioden er rekna fram til startdatoen registrert i Arbeidstakarregisteret, gitt at den ikkje er tidlegare enn den berekna "sluttdatoen" frå ARENA.

Yrkeshemma på tiltak som var arbeidstakarar i november hadde i gjennomsnitt ein søkeperiode på 10,3 veker, medan yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar som var arbeidstakarar i november hadde ein gjennomsnittleg søkeperiode på 14,4 veker frå dei gjekk ut av status som yrkeshemma til dei var registrert i jobb i Arbeidstakarregisteret. Blant dei yrkeshemma som gjekk ut av ordinære tiltak ser ein at søkeperioden fram til tilsetting er lågast for dei frå skule og høgast for dei frå arbeidsmarknadsoppæring (utanom skule), hhv. 10,0 og 14,3 veker.

Berre 4 529 arbeidstakarar inngår i berekningane av gjennomsnitt i tabell 4.1, mens det i tabell 3.2a er 10 463 lønstakarar i november ifølge SFP. Avviket skyldes dels at statusen lønstakar også inkluderer noen løns- og trekkoppgåveforhold utan kopling til jobb i arbeidstakarregisteret. I løns - og trekkoppgåveregisteret er det ikkje start- og stoppdatoar men berre data om det året ein har fått løn. Når ein ikkje får kopling til arbeidstakarregisteret kan det skuldas at arbeidsforholdet ikkje krevjast innmeldt i arbeidstakarregisteret, eller at arbeidsgjevar har gløymt å melde inn arbeidstakaren. Ei nærmare oppteljing viser at om lag 2 000 av desse lønstakarane manglar startdatoen som kjem frå arbeidstakarregisteret.

Om lag 4 500 hadde ein startdato i arbeidstakarregisteret som er tidlegare enn avslutningsdatoen i ARENA. Av desse hadde 3 av 4 tilfeller ein startdato som var minst 10 veker tidlegare enn den berekna "sluttdatoen" frå ARENA. Ein startdato i Arbeidstakarregisteret som er tidlegare enn berekna "avslutningsdato" i ARENA kan skuldast fleire forhold. Ein mogligheit kan vera at enkelte arbeidsgjevarar har gløymt å melde arbeidstakarar ut frå Arbeidstakarregisteret. Likevel har dei aller fleste av desse tilkopla ei løns- og trekkuppgåve (LTO) frå 2006, slik at sjølve arbeidstakarforholda er truverdige, sjølv om LTO i regelen ikkje underbyggjar dateringar innafor året. Truleg har difor startdato til arbeidstakarforholda som er tidlegare enn avslutningsdatoen i ARENA å gjere med at hendingane ikkje utelukkar kvarandre. Til dømes avslutta lønstilskot er samstundes med ei tidlegare startdato i arbeidstakarregisteret naturleg om personen jobbar vidare i same verksemd, men dette gjaldt berre om lag 500 på lønstilskot. 2 560 av dei med startdato i arbeidstakarregisteret tidlegare enn avslutningsdatoen i ARENA var yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar. Ein treng ikkje å væra utmeldt av arbeidstakarregisteret sjølv om ein er registrert i ARENA som yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar.

**Tabell 4.1. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006, som var tilsette i november. Talet på veker frå personen gjekk ut av status som yrkeshemma til dei blei tilsett, etter type tiltak. Gjennomsnitt, standardavvik og talet på personar[1] som berekningane byggjar på**

| Type tiltak i første halvår | Gjennom-snitt | Standard-avvik | Talet på personar i berekningane |
|---|---|---|---|
| **Alle yrkeshemma** | **11,9** | **10,0** | **4 529** |
| **Yrkeshemma på tiltak** | **10,3** | **9,0** | **2 804** |
| **Ordinære tiltak** | **10,4** | **8,8** | **2 599** |
| Lønstilskot | 12,1 | 10,6 | 133 |
| Arbeidspraksis | 10,3 | 10,4 | 519 |
| Opplæring, unntatt skule | 14,3 | 11,0 | 138 |
| Skule | 10,0 | 7,9 | 1 671 |
| Midlertidig sysselsettingstiltak | 9,8 | 9,0 | 8 |
| Forsøks- og andre tiltak | 9,8 | 8,7 | 130 |
| **Spesielle tiltak for yrkeshemma** | **9,3** | **10,5** | **205** |
| Arbeid med bistand | 8,3 | 10,1 | 80 |
| Avklaringstiltak | 8,6 | 9,2 | 25 |
| Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift | 10,4 | 10,9 | 93 |
| Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift | 0,0 | - | 1 |
| Varig tilrettelagt arbeid | 10,9 | 13,4 | 6 |
| **Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar** | **14,4** | **11,1** | **1 725** |
| Søker attføring | 14,3 | 9,9 | 256 |
| I kartleggingsfase | 14,7 | 11,3 | 639 |
| I ventefase for tiltak | 14,2 | 11,3 | 830 |

[1] Omfattar ikkje personar med startdato i Arbeidstakarregisteret tidlegare enn den berekna ”sluttdatoen” frå ARENA.

# Referansar

FOR 2001-12-20 nr 1544: Forskrift om arbeidsmarkedstiltak (http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20011220-1544.html).

Pedersen, T. (2007): *Tilpasning på arbeidsmarknaden for personar som går ut av status som yrkeshemma i ARENA - registeret - 2005.* Rapporter 2007/27. Statistisk sentralbyrå, Oslo.

Pedersen, T. (2002): *Tilpasning på arbeidsmarkedet for personer som går ut av status som yrkeshemmet i SOFA-søker-registeret - 2000 og 2001.* Rapporter 2002/30. Statistisk sentralbyrå, Oslo.

Pedersen, T. (2001): *Tilpasning på arbeidsmarkedet for personer som går ut av status som yrkeshemmet i SOFA-søker-registeret - 1999 og 2000.* Rapporter 2001/33. Statistisk sentralbyrå, Oslo.

Bråthen, M. & Pedersen, T. (2001): Tilpasning på arbeidsmarkedet for personer som går ut av status som yrkeshemmet i SOFA-søker-registeret - 1998. Notater 2001/16. Statistisk sentralbyrå, Oslo.

AID (2007): Høringsnotat med forslag om å erstatte rehabiliteringspenger, attføringspenger og tidsbegrenset uførestønad med en ny midlertidig folke-trygdytelse (arbeidsavklaringspenger),og forslag om å innføre rett og plikt til arbeidsevnevurderinger og aktivitetsplan. Høringsfrist: 13.03.2008 Høringsstatus: Denne saken er under behandling pr. aug. 2008 Link: (http://www.regjeringen.no/nb/dep/aid/dok/hoeringer/hoeringsdok/2007/horingsnotat-med-forslag-om-a-erstatte-r/-2.html?id=493756)

Vedlegg A

# Demografiske kjenneteikn og tiltaksfordeling

**Tabell A.1. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månadane i 2006, etter bustadfylke. Absolutte tal og prosentfordeling**

| | Yrkeshemma totalt | | Yrkeshemma ikkje på til tak | | Yrkeshemma på tiltak | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Bustadfylke | Tal | Prosent | Tal | Prosent | Tal | Prosent |
| Heile landet | 25 316 | 100 | 15 234 | 100 | 10 082 | 100 |
| | | | | | | |
| Østfold | 1 807 | 7 | 1 036 | 7 | 771 | 8 |
| Akershus | 2 133 | 8 | 1 415 | 9 | 718 | 7 |
| Oslo | 2 514 | 10 | 1 785 | 12 | 729 | 7 |
| Hedmark | 922 | 4 | 617 | 4 | 305 | 3 |
| Oppland | 1 060 | 4 | 570 | 4 | 490 | 5 |
| Buskerud | 1 473 | 6 | 925 | 6 | 548 | 5 |
| Vestfold | 1 416 | 6 | 939 | 6 | 477 | 5 |
| Telemark | 1 220 | 5 | 671 | 4 | 549 | 5 |
| Aust-Agder | 736 | 3 | 395 | 3 | 341 | 3 |
| Vest-Agder | 1 154 | 5 | 660 | 4 | 494 | 5 |
| Rogaland | 1 478 | 6 | 882 | 6 | 596 | 6 |
| Hordaland | 2 070 | 8 | 1 292 | 8 | 778 | 8 |
| Sogn og Fjordane | 498 | 2 | 304 | 2 | 194 | 2 |
| Møre og Romsdal | 1 386 | 5 | 859 | 6 | 527 | 5 |
| Sør-Trøndelag | 1 452 | 6 | 796 | 5 | 656 | 7 |
| Nord-Trøndelag | 783 | 3 | 435 | 3 | 348 | 3 |
| Nordland | 1 541 | 6 | 740 | 5 | 801 | 8 |
| Troms | 969 | 4 | 555 | 4 | 414 | 4 |
| Finnmark | 680 | 3 | 345 | 2 | 335 | 3 |
| Uoppgitt | 24 | 0 | 13 | 0 | 11 | 0 |

**Tabell A.2. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månadane i 2006, etter type tiltak og kjønn. Absolutte tal og prosentfordeling**

| | Menn og kvinner | | Menn | | Kvinner | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Type tiltak i første halvår | Tal | Prosent | Tal | Prosent | Tal | Prosent |
| **Alle yrkeshemma** | 25 316 | 100 | 12 988 | 51 | 12 328 | 49 |
| **Yrkeshemma på tiltak** | 10 082 | 100 | 4 975 | 49 | 5 107 | 51 |
| **Ordinære tiltak** | 8 760 | 100 | 4 165 | 48 | 4 595 | 52 |
| Lønstilskot | 936 | 100 | 614 | 66 | 322 | 34 |
| Arbeidspraksis | 2 047 | 100 | 966 | 47 | 1 081 | 53 |
| Opplæring, unntatt skule | 561 | 100 | 326 | 58 | 235 | 42 |
| Skule | 4 451 | 100 | 1 922 | 43 | 2 529 | 57 |
| Midlertidig sysselsettingstiltak | 52 | 100 | 34 | 65 | 18 | 35 |
| Forsøks- og andre tiltak | 713 | 100 | 303 | 42 | 410 | 58 |
| **Spesielle tiltak for yrkeshemma** | 1 322 | 100 | 810 | 61 | 512 | 39 |
| Arbeid med bistand | 526 | 100 | 291 | 55 | 235 | 45 |
| Avklaringstiltak | 203 | 100 | 128 | 63 | 75 | 37 |
| Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift | 301 | 100 | 222 | 74 | 79 | 26 |
| Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift | 49 | 100 | 28 | 57 | 21 | 43 |
| Varig tilrettelagt arbeid | 243 | 100 | 141 | 58 | 102 | 42 |
| **Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar** | 15 234 | 100 | 8 013 | 53 | 7 221 | 47 |
| Søker attføring | 1 740 | 100 | 894 | 51 | 846 | 49 |
| I kartleggingsfase | 7 429 | 100 | 3 813 | 51 | 3 616 | 49 |
| I ventefase for tiltak | 6 065 | 100 | 3 306 | 55 | 2 759 | 45 |

**Tabell A.3a. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månadane i 2006, etter type tiltak og alder. Absolutte tal**

| | | Alder | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Type tiltak i første halvår | I alt | Under 20 år | 20-24 år | 25-29 år | 30-49 år | 50-59 år | 60 år og over |
| **Alle yrkeshemma** | 25 316 | 471 | 2 143 | 2 782 | 14 282 | 4 594 | 1 044 |
| **Yrkeshemma på tiltak** | 10 082 | 158 | 778 | 1 219 | 6 335 | 1 350 | 242 |
| **Ordinære tiltak** | 8 760 | 154 | 623 | 1 043 | 5 672 | 1 108 | 160 |
| Lønstilskot | 936 | 4 | 61 | 109 | 585 | 149 | 28 |
| Arbeidspraksis | 2 047 | 127 | 237 | 208 | 1 105 | 315 | 55 |
| Opplæring, unntatt skule | 561 | 13 | 92 | 78 | 298 | 66 | 14 |
| Skule | 4 451 | 9 | 183 | 573 | 3 189 | 462 | 35 |
| Midlertidig sysselsettingstiltak | 52 | 1 | 18 | 2 | 23 | 7 | 1 |
| Forsøks- og andre tiltak | 713 | - | 32 | 73 | 472 | 109 | 27 |
| **Spesielle tiltak for yrkeshemma** | 1 322 | 4 | 155 | 176 | 663 | 242 | 82 |
| Arbeid med bistand | 526 | 2 | 80 | 88 | 271 | 73 | 12 |
| Avklaringstiltak | 203 | 1 | 20 | 17 | 103 | 54 | 8 |
| Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift | 301 | 1 | 37 | 47 | 157 | 43 | 16 |
| Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift | 49 | - | - | - | 11 | 16 | 22 |
| Varig tilrettelagt arbeid | 243 | - | 18 | 24 | 121 | 56 | 24 |
| **Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar** | 15 234 | 313 | 1 365 | 1 563 | 7 947 | 3 244 | 802 |
| Søker attføring | 1 740 | 27 | 166 | 250 | 990 | 263 | 44 |
| I kartleggingsfase | 7 429 | 87 | 647 | 708 | 3 776 | 1 725 | 486 |
| I ventefase for tiltak | 6 065 | 199 | 552 | 605 | 3 181 | 1 256 | 272 |

**Tabell A.3b. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månadane i 2006, etter type tiltak og alder. Prosentfordeling**

| | | Alder | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Type tiltak i første halvår | I alt | Under 20 år | 20-24 år | 25-29 år | 30-49 år | 50-59 år | 60 år og over |
| **Alle yrkeshemma** | 100 | 2 | 8 | 11 | 56 | 18 | 4 |
| **Yrkeshemma på tiltak** | 100 | 2 | 8 | 12 | 63 | 13 | 2 |
| **Ordinære tiltak** | 100 | 2 | 7 | 12 | 65 | 13 | 2 |
| Lønstilskot | 100 | 0 | 7 | 12 | 63 | 16 | 3 |
| Arbeidspraksis | 100 | 6 | 12 | 10 | 54 | 15 | 3 |
| Opplæring, unntatt skule | 100 | 2 | 16 | 14 | 53 | 12 | 2 |
| Skule | 100 | 0 | 4 | 13 | 72 | 10 | 1 |
| Midlertidig sysselsettingstiltak | 100 | 2 | 35 | 4 | 44 | 13 | 2 |
| Forsøks- og andre tiltak | 100 | - | 4 | 10 | 66 | 15 | 4 |
| **Spesielle tiltak for yrkeshemma** | 100 | 0 | 12 | 13 | 50 | 18 | 6 |
| Arbeid med bistand | 100 | 0 | 15 | 17 | 52 | 14 | 2 |
| Avklaringstiltak | 100 | 0 | 10 | 8 | 51 | 27 | 4 |
| Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift | 100 | 0 | 12 | 16 | 52 | 14 | 5 |
| Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift | 100 | - | - | - | 22 | 33 | 45 |
| Varig tilrettelagt arbeid | 100 | - | 7 | 10 | 50 | 23 | 10 |
| **Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar** | 100 | 2 | 9 | 10 | 52 | 21 | 5 |
| Søker attføring | 100 | 2 | 10 | 14 | 57 | 15 | 3 |
| I kartleggingsfase | 100 | 1 | 9 | 10 | 51 | 23 | 7 |
| I ventefase for tiltak | 100 | 3 | 9 | 10 | 52 | 21 | 4 |

**Tabell A.4a. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månadane i 2006, etter type tiltak og utdanningsnivå. Absolutte tal**

| Type tiltak i første halvår | I alt | Utdanningsnivå<br>Grunn-skule | Viareg. grunn-utd. | Viareg. av-sluttande | På-bygging til viareg. | Univ./ Høgskule | Uopp-gitt/ Ingen |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Alle yrkeshemma** | 25 316 | 10 956 | 3 136 | 6 001 | 773 | 3 542 | 908 |
| **Yrkeshemma på tiltak** | 10 082 | 3 697 | 1 029 | 2 631 | 392 | 2 093 | 240 |
| **Ordinære tiltak** | 8 760 | 2 962 | 864 | 2 367 | 372 | 2 029 | 166 |
| Lønstilskot | 936 | 376 | 110 | 271 | 38 | 118 | 23 |
| Arbeidspraksis | 2 047 | 1 028 | 259 | 449 | 46 | 206 | 59 |
| Opplæring, unntatt skule | 561 | 278 | 63 | 124 | 14 | 58 | 24 |
| Skule | 4 451 | 979 | 348 | 1 306 | 248 | 1 528 | 42 |
| Midlertidig sysselsettingstiltak | 52 | 34 | 2 | 7 | 3 | 5 | 1 |
| Forsøks- og andre tiltak | 713 | 267 | 82 | 210 | 23 | 114 | 17 |
| **Spesielle tiltak for yrkeshemma** | 1 322 | 735 | 165 | 264 | 20 | 64 | 74 |
| Arbeid med bistand | 526 | 289 | 54 | 129 | 7 | 36 | 11 |
| Avklaringstiltak | 203 | 113 | 24 | 39 | 5 | 8 | 14 |
| Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift | 301 | 158 | 31 | 66 | 3 | 10 | 33 |
| Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift | 49 | 23 | 18 | 6 | - | 2 | - |
| Varig tilrettelagt arbeid | 243 | 152 | 38 | 24 | 5 | 8 | 16 |
| **Yrkeshemma i handlings-plan- og ventefasar** | 15 234 | 7 259 | 2 107 | 3 370 | 381 | 1 449 | 668 |
| Søker attføring | 1 740 | 707 | 204 | 481 | 46 | 203 | 99 |
| I kartleggingsfase | 7 429 | 3 592 | 1 115 | 1 603 | 165 | 657 | 297 |
| I ventefase for tiltak | 6 065 | 2 960 | 788 | 1 286 | 170 | 589 | 272 |

**Tabell A.4b. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månadane i 2006, etter type tiltak og utdanningsnivå. Prosent**

| Type tiltak i første halvår | I alt | Utdanningsnivå<br>Grunn-skule | Viareg. grunn-utd. | Viareg. av-sluttande | På-bygging til viareg. | Univ./ Høgskule | Uopp-gitt/ Ingen |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Alle yrkeshemma** | 100 | 43 | 12 | 24 | 3 | 14 | 4 |
| **Yrkeshemma på tiltak** | 100 | 37 | 10 | 26 | 4 | 21 | 2 |
| **Ordinære tiltak** | 100 | 34 | 10 | 27 | 4 | 23 | 2 |
| Lønstilskot | 100 | 40 | 12 | 29 | 4 | 13 | 2 |
| Arbeidspraksis | 100 | 50 | 13 | 22 | 2 | 10 | 3 |
| Opplæring, unntatt skule | 100 | 50 | 11 | 22 | 2 | 10 | 4 |
| Skule | 100 | 22 | 8 | 29 | 6 | 34 | 1 |
| Midlertidig sysselsettingstiltak | 100 | 65 | 4 | 13 | 6 | 10 | 2 |
| Forsøks- og andre tiltak | 100 | 37 | 12 | 29 | 3 | 16 | 2 |
| **Spesielle tiltak for yrkeshemma** | 100 | 56 | 12 | 20 | 2 | 5 | 6 |
| Arbeid med bistand | 100 | 55 | 10 | 25 | 1 | 7 | 2 |
| Avklaringstiltak | 100 | 56 | 12 | 19 | 2 | 4 | 7 |
| Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift | 100 | 52 | 10 | 22 | 1 | 3 | 11 |
| Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift | 100 | 47 | 37 | 12 | - | 4 | - |
| Varig tilrettelagt arbeid | 100 | 63 | 16 | 10 | 2 | 3 | 7 |
| **Yrkeshemma i handlings-plan- og ventefasar** | 100 | 48 | 14 | 22 | 3 | 10 | 4 |
| Søker attføring | 100 | 41 | 12 | 28 | 3 | 12 | 6 |
| I kartleggingsfase | 100 | 48 | 15 | 22 | 2 | 9 | 4 |
| I ventefase for tiltak | 100 | 49 | 13 | 21 | 3 | 10 | 4 |

**Vedlegg B**

# Meir om søkjetida til dei som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006 og var tilsette i november

**Tabell B.1. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006 og som vart tilsette i november. Talet på veker frå personen gjekk ut av status som yrkeshemma til dei blei tilsett, etter type tiltak og kjønn eller innvandrarstatus. Gjennomsnitt**

| Type tiltak i første halvår | I alt | Kjønn | | Innvandrarstatus | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Menn | Kvinner | Ikkje innvandrar frå Aust-Europa, Asia, Tyrkia, Afrika eller Sør- og Mellom-Amerika | Innvandrarar frå Aust-Europa, Asia, Tyrkia, Afrika eller Sør- og Mellom-Amerika |
| **Alle yrkeshemma** | **11,9** | **11,7** | **12,0** | **11,7** | **14,8** |
| | | | | | |
| **Yrkeshemma på tiltak** | **10,3** | **10,4** | **10,3** | **10,2** | **13,0** |
| | | | | | |
| **Ordinære tiltak** | **10,4** | **10,6** | **10,2** | **10,3** | **13,2** |
| Lønstilskot | 12,1 | 12,7 | 11,1 | 12,3 | 4,9 |
| Arbeidspraksis | 10,3 | 10,1 | 10,5 | 10,2 | 12,6 |
| Opplæring, unntatt skule | 14,3 | 13,2 | 16,0 | 13,8 | 17,1 |
| Skule | 10,0 | 10,3 | 9,8 | 9,9 | 12,7 |
| Midlertidig sysselsettingstiltak | 9,8 | 10,8 | 6,6 | 9,0 | 15,1 |
| Forsøks- og andre tiltak | 9,8 | 9,4 | 10,0 | 9,9 | 7,6 |
| | | | | | |
| **Spesielle tiltak for yrkeshemma** | **9,3** | **8,3** | **11,3** | **8,9** | **12,3** |
| Arbeid med bistand | 8,3 | 7,4 | 9,4 | 7,7 | 15,5 |
| Avklaringstiltak | 8,6 | 6,2 | 12,9 | 9,5 | 4,0 |
| Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift | 10,4 | 9,5 | 13,8 | 9,8 | 13,0 |
| Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift | 0,0 | - | 0,0 | 0,0 | - |
| Varig tilrettelagt arbeid | 10,9 | 3,1 | 14,8 | 10,9 | - |
| | | | | | |
| **Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar** | **14,4** | **13,4** | **15,5** | **14,2** | **16,5** |
| Søker attføring | 14,3 | 13,2 | 15,2 | 14,1 | 16,5 |
| I kartleggingsfase | 14,7 | 13,2 | 16,4 | 14,6 | 15,9 |
| I ventefase for tiltak | 14,2 | 13,6 | 14,8 | 13,9 | 17,0 |

**Tabell B.2. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006 og som vart tilsette i november. Talet på veker frå personen gjekk ut av status som yrkeshemma til dei blei tilsett, etter type tiltak og alder. Gjennomsnitt**

| | | Alder | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Under 20 år | 20-24 år | 25-29 år | 30-49 år | 50-59 år | 60 år og over |
| **Alle yrkeshemma** | **11,9** | **14,9** | **13,9** | **12,2** | **11,5** | **12,0** | **8,1** |
| **Yrkeshemma på tiltak** | **10,3** | **13,7** | **12,4** | **10,9** | **10,1** | **10,0** | **8,2** |
| **Ordinære tiltak** | **10,4** | **13,9** | **13,5** | **10,8** | **10,1** | **10,3** | **7,6** |
| Lønstilskot | 12,1 | - | 15,2 | 12,0 | 12,4 | 9,7 | 13,1 |
| Arbeidspraksis | 10,3 | 14,5 | 15,6 | 9,8 | 9,9 | 8,5 | 3,9 |
| Opplæring, unntatt skule | 14,3 | 0,0 | 10,3 | 16,6 | 15,4 | 10,7 | 15,6 |
| Skule | 10,0 | 17,6 | 12,4 | 10,9 | 9,6 | 11,1 | 8,8 |
| Midlertidig sysselsettingstiltak | 9,8 | - | 8,9 | - | 10,0 | - | - |
| Forsøks- og andre tiltak | 9,8 | - | 15,5 | 5,8 | 10,1 | 9,8 | 4,3 |
| **Spesielle tiltak for yrkeshemma** | **9,3** | **11,6** | **7,7** | **11,0** | **9,7** | **7,6** | **9,3** |
| Arbeid med bistand | 8,3 | - | 7,8 | 10,6 | 8,0 | 5,6 | 8,5 |
| Avklaringstiltak | 8,6 | - | 8,9 | 10,9 | 10,0 | 1,3 | 1,7 |
| Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift | 10,4 | 11,6 | 7,4 | 11,4 | 11,0 | 10,7 | 8,2 |
| Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift | 0,0 | - | - | - | 0,0 | - | - |
| Varig tilrettelagt arbeid | 10,9 | - | - | - | 10,9 | 0,0 | 21,9 |
| **Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar** | **14,4** | **15,7** | **15,1** | **14,1** | **14,3** | **14,9** | **8,1** |
| Søker attføring | 14,3 | 14,0 | 11,4 | 14,8 | 14,7 | 15,0 | -0,1 |
| I kartleggingsfase | 14,7 | 22,1 | 15,8 | 13,4 | 14,7 | 14,7 | 9,0 |
| I ventefase for tiltak | 14,2 | 11,2 | 15,7 | 14,4 | 13,9 | 15,1 | 7,6 |

**Tabell B.3. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006 og som vart tilsette i november. Talet på veker frå personen gjekk ut av status som yrkeshemma til dei blei tilsett, etter type tiltak og utdanningsnivå. Gjennomsnitt**

| | | Utdanningsnivå | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Type tiltak i første halvår | I alt | Grunn-skule | Viareg. grunn-utd. | Viareg. av-sluttande | På-bygging til viareg. | Univ./ Høgskule | Uopp-gitt/ Ingen |
| **Alle yrkeshemma** | **11,9** | **13,1** | **12,7** | **11,6** | **11,3** | **10,3** | **13,4** |
| **Yrkeshemma på tiltak** | **10,3** | **11,6** | **10,6** | **10,3** | **10,8** | **9,2** | **10,5** |
| **Ordinære tiltak** | **10,4** | **12,0** | **11,0** | **10,3** | **11,1** | **9,2** | **8,7** |
| Lønstilskot | 12,1 | 14,2 | 9,3 | 11,6 | 11,9 | 11,1 | 0,0 |
| Arbeidspraksis | 10,3 | 11,8 | 9,9 | 10,1 | 10,6 | 7,8 | 3,9 |
| Opplæring, unntatt skule | 14,3 | 12,6 | 16,3 | 16,2 | 16,1 | 13,9 | 20,8 |
| Skule | 10,0 | 11,7 | 11,2 | 10,0 | 11,0 | 9,2 | 10,4 |
| Midlertidig sysselsettingstiltak | 9,8 | 9,0 | - | 2,1 | - | 15,9 | 15,1 |
| Forsøks- og andre tiltak | 9,8 | 10,5 | 9,3 | 9,6 | 9,8 | 9,1 | 20,4 |
| **Spesielle tiltak for yrkeshemma** | **9,3** | **9,2** | **7,7** | **9,8** | **0,5** | **8,3** | **16,3** |
| Arbeid med bistand | 8,3 | 8,0 | 7,8 | 8,6 | 0,1 | 9,8 | - |
| Avklaringstiltak | 8,6 | 10,8 | 0,0 | 4,6 | 0,3 | - | 1,7 |
| Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift | 10,4 | 9,1 | 8,4 | 11,9 | 1,0 | 5,0 | 18,1 |
| Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift | 0,0 | 0,0 | - | - | - | - | - |
| Varig tilrettelagt arbeid | 10,9 | 13,1 | - | 0,0 | - | - | - |
| **Yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar** | **14,4** | **14,7** | **15,2** | **13,8** | **12,4** | **14,3** | **15,0** |
| Søker attføring | 14,3 | 13,8 | 15,7 | 14,6 | 10,9 | 13,7 | 19,0 |
| I kartleggingsfase | 14,7 | 15,1 | 14,6 | 14,7 | 12,3 | 14,2 | 13,4 |
| I ventefase for tiltak | 14,2 | 14,6 | 15,4 | 12,8 | 12,8 | 14,5 | 15,2 |

**Vedlegg C**

# Oversikt over arbeidsmarknadsstatusar i SFP

System for persondata (SFP) er eit system av datafiler basert på administrative data om personar. Målet har vore å lage konsistente data for ulike aktivitetar og tilstandar, til dømes mellom arbeid og arbeidsløyse. I systemet finst det og ein del demografiske bakgrunnsvariablar om personane. Dei fleste variablar blir henta direkte frå dei ulike grunnlagsregistra, medan enkelte må konstruerast ved å kombinere data frå ulike kjelder. I ein del tilfelle kor variablane frå ulike register ikkje stemmer over eins, er det gjort endringar for å få konsistente data. Omgrepet *status* brukas i SFP som ein fellesnemning på aktivitetar, tilstander og ytingar i personanes forhold til arbeidsmarknaden, utdanning og offentlege ytingar/tiltak.

Ved gruppering av personane etter arbeidsmarknadsstatus, er det først gjort ei undersøking av kva slag register personane er registrerte som aktive i på referanse-tidspunktet. Dersom eit individ er registrert som aktiv i minst eitt register på referansedatoen, blir vedkommande gruppert som aktiv i ein bestemt status. Til dømes vil ein person som er registrert som aktiv i Arbeidstakarregisteret bli klassifisert som lønstakar. Likeins vil ein person som er registret som aktiv i Sjuke-pengeregisteret med fråver på meir enn 56 dagar bli rekna for langtidssjukmeldt. For å gi dei forskjellige personane ein hovudstatus på referansetidspunktet, er det blitt laga føringar for statusgruppenes innbyrdes prioritering i tilfelle der personar er aktive i fleire statusar samstundes.

I prioritert rekkefølgje er føljande hovudprioritering av statusane nytta i SFP: lønstakarar, sjølvstendig næringsdrivande, sysselsettingstiltak, attføringstiltak, arbeidsløyse, tidsavgrensa uføre og noen spesielle grupper langtidssjukemeldte, under utdanning, varig førepensjon, annen attføring, alderspensjon, AFP-pensjon, yrkeshemma ikkje i tiltak, etterlatnepensjon, einslig forsørgjarstønad, og sosial-hjelp. Dette betyr at sysselsetjing er den er den høgst prioriterte statusen, og sosialhjelp lågast. Til dømes vil sysselsette som samstundes er yrkeshemma i november eller har varig uførepensjon ifølgje ARENA, bli rekna som sysselsette.

I analysane av yrkeshemma har me lagt to andre føringar for statusgruppenes innbyrdes prioritering enn i dei vanlege SFP filane. Personar under utdanning som samstundes er registrert som yrkeshemma i ARENA-registeret blir her flytta frå statusen utdanning til statusen attføring. Personar i restgruppa *anna* som sam-stundes er yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar ifølge ARENA-registeret for november, blir flytta til statusen anna attføring.

Nedanfor blir dei 11 hovudgruppene nytta i denne analysen nærare forklarte, inkludert kva slag register som dannar grunnlaget for kvar enkelt status.

***Lønstakar***
Kjelde: Arbeidstakarregisteret (NAV) og Løns- og trekkoppgåveregisteret (LTO) frå SKD
Einkvar som arbeider i teneste hos andre for løn og anna godtgjering på referanse-tidspunktet. Berre LTO-oppgåver med verdiar i ein av kodene som inngår i "Grunnlag for arbeidsgjevaravgift", dvs. koder som endar på 'A' til dømes 111-A.

***Sjølvstendig***
Kjelde: Sjølvmeldingsregisteret frå året før (Skattedirektoratet)
Pensjonsgjevande inntekt som næringsdrivande over ei gitt beløpsgrense i løpet av året (før).

***Arbeidsmarknadstiltak***
Kjelde: ARENA-registeret (NAV)
Personar registrerte på eit ordinært arbeidsmarknadstiltak ved utgangen av november.

***Attføringstiltak***
Kjelde: ARENA-registeret (NAV)
Personar på attføringstiltak ved utgangen av november.

***Heilt arbeidslaus***
Kjelde: ARENA-registeret (NAV)
Personar registrerte som heilt arbeidslause arbeidssøkjarar i tillegg til ikkje å være sysselsett eller på eit arbeidsmarknadstiltak.

***Sjukemeldt***
Kjelde: Fødsels- og sjukepengeregisteret (NAV)
Personar som er langtidssjukemeldte og mottar sjukepengar frå Folketrygda på referansetidspunktet, men som ikkje har eit tilhøyrande sysselsetjings- eller arbeidssøkjarforhold. Dette skal eigentleg ikkje førekome, men gjer det i nokon grad for personar som er registrerte i ARENA-registeret og så blir langtids-sjukemeldte. Dei fleste langtidssjukemeldte er sysselsette. Nytt i 2005-utvalet er at denne kategorien også inneheld tidsavgrensa uføre. Dette gjer at talet på personar i denne gruppa fekk ein kunstig auke.

***Utdanning***
Kjelde: Statistisk sentralbyrå sitt utdanningsregister.
Personar med igangverande ordinær utdanning pr. oktober.

***Uføretrygda***
Kjelde: Grunnlagsregisteret for pensjonar (NAV).
Personar som mottar uføretrygd på referansetidspunktet.

***Annan attføring***
Kjelde: Attføringspengeregisteret (NAV) og ARENA-registeret (NAV).
Restgruppe av yrkeshemma som ikkje blir plasserte i gruppa med attføringstiltak, til dømes yrkeshemma i handlingsplan- og ventefasar.
**Alderspensjonist**
Kjelde: Grunnlagsregisteret for pensjonar (NAV).
Personar som mottar alderspensjon på referansetidspunktet.

***Anna***
Denne statusen inneheld følgjande undergrupper:
*AFP-pensjonistar*
Kjelde: Grunnlagsregisteret for pensjonar (NAV).
Personar som mottar *AFP-pensjon* på referansetidspunktet.
*Etterlatnepensjonistar*
Kjelde: Grunnlagsregisteret for pensjonar (NAV).
Måling: Utgangen av året.
*Einslege forsørgjarar*
Kjelde: Registeret for einslege forsørgjarar (NAV).
Måling: Utgangen av året.
*Sosialhjelp(kun)*
Kjelde: Statistisk sentralbyrå sitt register over personar som har motteke økonomisk
sosialhjelp.
Måling: Referansetidspunktet.

*Anna*

Personar som er busette, men manglar statusopplysningar i våre kjelderegister. Dei kan til dømes vere heimeverande, ta imot kontantstøtte, ha utvandra utan å melde frå om det, leve av kapitalinntekt, i tenestepensjon, vere familiearbeidarar, ha uregistrert arbeid (kort arbeidstid, kortvarig arbeid, svart arbeid) eller leve av sosialhjelp registrert på ektefelle (sosialhjelp er knytt til hushaldet).

***Uoppgitt***

Tre moglege årsaker: Død, over 74 år eller utvandra pr. november.

# Tabellregister

**3. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av første halvår 2006**

3.1. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første seks månadane i 2006, etter demografiske kjenneteikn. Absolutte tal og prosent .......... 11

3.2a Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månader i 2006, etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus[1)] i november same året. Absolutte tal ........ 12

3.2b. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månader i 2006, etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus[1)] i november same året. Prosent ........ 13

**4. Søkjetida til dei som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006 og var tilsette i november**

4.1. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006, som var tilsette i november. Talet på veker frå personen gjekk ut av status som yrkeshemma til dei blei tilsett, etter type tiltak. Gjennomsnitt, standardavvik og talet på personar[1] som berekningane byggjar på ........ 16

**Vedlegg**

A.1. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månadane i 2006, etter bustadfylke. Absolutte tal og prosentfordeling ........ 18

A.2. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månadane i 2006, etter type tiltak og kjønn. Absolutte tal og prosentfordeling .... 18

A.3a. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månadane i 2006, etter type tiltak og alder. Absolutte tal ........ 19

A.3b. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månadane i 2006, etter type tiltak og alder. Prosentfordeling ........ 19

A.4a. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månadane i 2006, etter type tiltak og utdanningsnivå. Absolutte tal ........ 20

A.4b. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma i løpet av dei første 6 månadane i 2006, etter type tiltak og utdanningsnivå. Prosent ........ 20

B.1. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006 og som vart tilsette i november. Talet på veker frå personen gjekk ut av status som yrkeshemma til dei blei tilsett, etter type tiltak og kjønn eller innvandrarstatus. Gjennomsnitt ........ 21

B.2. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006 og som vart tilsette i november. Talet på veker frå personen gjekk ut av status som yrkeshemma til dei blei tilsett, etter type tiltak og alder. Gjennomsnitt ........ 22

B.3. Personar som gjekk ut av status som yrkeshemma 1. halvår 2006 og som vart tilsette i november. Talet på veker frå personen gjekk ut av status som yrkeshemma til dei blei tilsett, etter type tiltak og utdanningsnivå. Gjennomsnitt .... 22